

Ei lita perle

«Kven sin dag er dette?» er ei perle av ei barnebok. Ekte, rein-skoren, godt oppbygd og tru-verdig. Det er ei bok du vert glad av å lese, ei du kan ta att fleire gonger.

Ho handlar om menneske som er litt annleis enn oss andre, men likevel ikkje så uvanlege at vi ikkje kjenner oss att.

Det er bestefaren som vert mest levande for oss, og vi ser han gjennom auga til barnebar-

Barnebok

Rønnaug Kleiva:
Kven sin dag er dette?
Det norske Samlaget

net. Bestefaren har vore ein trufast slitar på garden, men i tillegg ein stor hjorted repar så det ligg ein dâm av eventyr og

villmark kring han. No nærmar han seg sytti, og den dagen, seier kona hans, «skal feirast stort same kva du seier. Alt er planlagt.»

«Nei,» seier bestefar, «alt er ikkje planlagt. I alle fall ikkje slik de trur.»

Korleis planen til bestefar er, bør vel ikkje openberrast fullt ut, men så mykje kan skrivast at dei får bruk for både våpen og mannsmod. Bestefaren og gu-

ten bryt lover i fleng, og dei ror seg så langt utpå at det er nær på å ende skikkeleg ille. Men alle flokar løyser seg, og både even-tyret og syttiårsdagen endar i fred og glede.

Boka er ikkje stor. Ho er lett-lesen og høver for leseføre frå 8-årsalderen.

Rønnaug Kleiva har brukt si innsikt og sine kunnskapar både som lærar og som mor på ein

framifrå måte. Varmen mellom småguten og bestefaren er skildra på ein måte som riv oss med.

Ho har synt at ho har spenn-vidde som diktar. Tidlegare bøker har vore smalspora leik med ord for skjønnarar. No bør ho møte ein vidare lesekritis som barnebokforfattar.

Omslag og teikningar er av Alf-Kåre Berg, og boka kjem ut på Det norske samlaget.

Helge Årøen